STATENS NATUR OPPSYN

Rapport 17 - 2004

Tilrettelegging for friluftsliv i Snowdonia National Park

Rapport frå ein studietur til Wales 17. - 21. mai 2004



SNO, Direktoratet for naturforvaltning

Føreord

Denne rapporten er ein gjennomgang av ein studietur til nasjonalparken Snowdonia i Wales i mai 2004. Føremålet med studieturen var å studere forvaltningsmessige utfordringar, praksis og organisering knytt til tilrettelegging for friluftsliv, vegledning og informasjon.

Snowdonia nasjonalpark, med eit areal på 2172 km, ligg nord i Wales. Eit sterkt beitepress frå mange av dei 10 millionar sauene i Wales set sitt preg på både lågland og fjell-landskap. Det bur 26.000 mennesker i parken, i landsbyar og små byar. Nasjonalparkforvaltningen er godt organisert, og det er fleire informasjonssenter inne i parken. Det er eit sterkt press frå turisme og friluftsliv heile året, omlag 10 millionar besøkande i året er registrert.

Vi var ei gruppe bestående av 9 personar med arbeids- og tilsynsansvar i Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde. Vi vart særs godt mottekne. Utan denne positive haldninga hadde utbytet av studieturen vorte langt mindre.

Bidrag frå alle deltakarane på studieturen utgjer hovudbolken i denne rapporten. Deltakarane var:
Tom Dybwad, rådgjevar, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Harald Klæbo, rådgjevar, Fylkesmannen i Oppland
Lise Havik, inspektør, Den Norske Turisforening
Geir Moen, leiar i tilsynsutvalet i Vang
Vidar Sylvarnes, leiar i tilsynsutvalet i Årdal
Anders Fortun, leiar i tilsynsutvalet i Luster
Odd Repp, fjelloppsyn og sekretær i tilsynsutvalet i Lom
Knut Øyjordet, fjelloppsyn og sekretær i tilsynsutvalet i Vågå
Rigmor Solem, naturoppsyn, Statens naturoppsyn

Rapporten er samanskriven av Rigmor Solem. Alle foto i rapporten er tekne av Odd Repp, forside Rigmor Solem.

1. INNLEIING

Bakgrunn:
Nasjonalparkdirektør Aneurin Phillips sendte i september 2003 ein invitasjon til Statens naturoppsyn ved Rigmor Solem om å komme til Snowdonia med ei gruppe kollegaer på studietur våren 2004. Phillips seier dette om bakgrunnen for invitasjonen:

” The Europarc Conference in 2002 was held in Snowdonia, North Wales. Delegates from Norway had the chance to visit our National Park and to admire the beautiful mountains, valleys, lakes and coastline. In 2003 Europarc Conference was held in Stryn, Norway. Delegates from Snowdonia National Park attended the conerence. We received a very warm welcome and we were very impressed with the mountain scenery and your cultural heritage. During the conference tours in the Jotunheimen and Jostedalsbreen National Parks we were introduced to the problems of footpath erosion. In Snowdonia we have similar problems. As a result of the contacts and friendship we established in 2002 and 2003 we invited a group of delegates from Norway to visit us here in Snowdonia to see how a partnership between organisations has led to an ambitious project to repair and maintain upland paths. The visit was successful and we would like to build on this succsess by establishing a long term project to assist you in establishing a pool of key workers with the necessary practical skill and knowledge base. “

Under fellesmøtet for tilsynsutvala i Jotunheimen 2003 på Spiterstulen vart planane for ein studietur våren 2004 presentert og drøfta. Det var semje om at det ville vere viktig at alle tilsynsutvala var representerte med ein deltakar kvar. I tillegg ein representant frå båe fylkesmennene, samt Den Norske Turistforening og Statens naturoppsyn. Det var også semje om at det aktuelle tidspunktet passa særs godt for denne gruppa, i oppstartfasen for arbeidet med revidering av forvaltningsplanen for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde. Det vart sendt svar til Snowdonia om at dei kunne rekne med besøk frå Norge og Jotunheimen utpå vårparten.

I løpet at vinteren vart gruppa set saman, og turen vart bestemt til veke 21, med avreise den 17. mai. Eit innhaldsrikt program vart set samen av nasjonalparkforvaltningen i Snowdonia etter våre ynskje om hovudfokus på tema tilrettelegging for friluftsliv. På dei neste to sidene følger programmet for alle dagane vi var gjester hos nasjonalparkforvaltningen i Snowdonia:

VISIT TO SNOWDONIA NATIONAL PARK BY DELEGATION FROM NORWAY
17th - 21st May 2004

DATE	PROGRAMME
17th May	Arrive. Collect from Manchester Airport by mini bus Transport to Plas Tan y Bwlch. Settle in. Evening Free. Dinner in Plas Tan y Bwlch

18th May	
09.15	Depart Plas Tan y Bwlch
09.30	Arrive National Park Offices
	- Introduction to Snowdonia
10.00	Introduction to the Upland Path Partnership
10.30	Introduction to the Leisure Network
11.00	Communications in SNPA
11.30	Office Tour
12.00	Buffet Lunch
13.00	Depart Park Offices
13.30	Visit Coed y Brenin – Cycling Schemes
14.30	Depart Coed y Brenin
15.00	Arrive Barmouth – Cycle the Mawddach Trail
17.00	Arrive in Dolgellau
17.30	Arrive Plas Tan y Bwlch
	Evening Free. Dinner in Plas Tan y Bwlch

DATE	PROGRAMME
19th May	
09.00	Depart Plas Tan y Bwlch
09.30	Depart Pen y Pass
	Climb and Descend Snowdon
	Visit Path Schemes - Packed lunches
14.00	Depart Pen y Pass
14.20	Arrive Betws y Coed Visitor Centre
15.30	Arrive Capel Curig
	Visit Paths Project - Leisure Network
17.00	Depart Capel Curig
17.45	Arrive Caernarfon
	Visit the Town. Social evening with an Indian meal
	Return to Plas Tan y Bwlch

20th May	
09.00	Depart Plas Tan y Bwlch
09.30	Arrive Ty Nant
	Walk over Cader Idris to view path works
	Packed Lunch
13.45	Arrive Dol Idris. Visit disabled persons access project
14.15	Depart Dol Idris
14.30	Arrive Dolgoch Falls Community Woodland and Access Project
15.30	Depart Dolgoch Falls
15.45	Arrive Aberdyfi Visitor Centre
16.30	Return to Plas Tan y Bwlch
19.00	Drinks Reception with the Chairman and Chief Executive of Snowdonia National Park Authority
19.30	Dinner

21st May	Travel to Manchester to fly home

2. DELTAKARANE SINE INNTRYKK FRÅ STUDIETUREN

2.1. Nokre tankar etter studieturen til Wales, Geir Moen, leiar i tilsynsutvalet i Vang

Vel heimattkomen frå ein 5-dagars studietur til Snowdonia nasjonalpark i Wales, sit ein att med mange tankar. Og det er berre å slå fast med ein gong – det var ein svært vellukka tur på absolutt alle måtar!
Delegasjonen på 9 frå " Jotunheimen " vart særs godt mottekne, og waliserane hadde laga eit tettpakka men variert program til oss. Det som slår meg er kor gjennomført og grundig det var det arbeidet som dei utfører innan parken sin. Administrasjonsbygget og alle info-sentra er staslege bygg som gjenspeglar deira haldning til nasjonalparken. Dei er stolte av den, og dei ser moglegheitene, ikkje berre hindringane ved parken. Satsinga er etter vår målestokk enorm, med mange tilsette og store budsjett.
Det bur 26.000 menneske innanfor parkgrensene. Og med engelske storbyar som Manchester, Birmingham og Liverpool berre 2 – 3 timars biltur unna, vert det ein enorm trafikk i nasjonalparken. Dette gjer det naudsynt å legge til rette eit nett av stigar, samt tiltak for å minske errosjon og slitasje der trafikken er størst. Det er imponerande å sjå det arbeidet som blir gjort på dei ulike fotrutene. Her også er kvalitet sett i høgsetet, med godt kvalifiserte arbeidslag som har utvikla ymse teknikkar for å sette i stand stigane. I tillegg bygger dei " klopper " og " kanalar " for å leie vatnet slik at det får gjort minst mogleg skade. Alt dette blir utført på ein slik måte at det skal vere mest mogleg vedlikehaldsfritt, og slik at det er meint å halde i mange år.
Det er kanskje dette arbeidet som er mest overførbart til våre heimlege tilhøve. Vi og har stigar/ruter som er utsette for slitasje og errosjon. Den kompetansen som dei sit på i Snowdonia, kan me absolutt dra oss nytte av. Kanskje burde me satse såpass at me sender folk vest i havet på opplæring. Eit par frå dei walisiske arbeidslaga kunne og vore med hit att og drege i gang arbeidet?!
Skilting er eit anna stikkord. I Wales såg me mange døme på gode skilt. Dei er opptekne av at det ikkje skal vere for mykje informasjon på skilta. Dette kan vi og tenke på når det blir aktuelt å sette opp nye infoskilt i områda våre.
Til slutt vil eg nytte høvet til å takke for at eg fekk lov til å delta på denne turen! Eg trur det er nyttig at ei samansett gruppe som vår, får høve til å gjere felles erfaringar på ein slik tur. Desse erfaringane vil seinare kome dei områda me er sett til å forvalte til gode.

2.2. Erfaringar frå studieturen til nasjonalparken Snowdonia i Wales, Vidar Sylvarnes, leiar i tilsynsutvalet i Årdal

DAG 1 (17. mai 2004)

Ankomst - Delegasjonen fra Sogn reiste via Bergen til Manchester Airport. Her møtte vi de andre fra Oppland som også skulle være med på turen. Til sammen var vi 9 personer. Herfra ble vi kjørt i minibuss til Plas Tan y Bwich i Wales, der vi ble innkvartert tre og en halv time senere.

Lokalitetene var et gammelt slott som nasjonalparken i dag bruker som studie- og konferansesenter. I dette området var det opprettet et nettverk av stier med ruter som var korte og enkle til de som var noe mer krevende. Om kvelden ble det servert middag.

Velkomsten var stor og det var tydelig at vertskapet ønsket oss hjertelig velkommen. Allerede på dette tidspunkt kunne man tyde at de hadde noe å formidle- og at de var stolte av hva de hadde fått til. Praten i bussen fra Manchester til Plas Tan y Bwich var konstant mellom de som kjente hverandre fra et lignende arrangement og opphold i Norge 2003. Forventningene var derfor store.

DAG 2 (18. mai 2004)

Dagen gikk i hovedsak med til å besøke hovedkontoret der vi fikk en innføring i hvordan det hele startet, hvordan administrasjonen virket og hvordan det hele var organisert.
Flere foredragsholdere var engasjert. De var tydelig profesjonelle i sin fremstilling og la særdeles vekt på å være tydelige.

Etter dette bar turen til Coed y Brenin der vi såg på hvordan sykling (mountain bike) var tilrettelagt i skog- og fjellområder.

Fra Barmouth syklet vi så Mawddach Trail (18 km) - en gammel nedlagt jernbanelinje som nå var tilrettelagt som sykkelsti. Det var en fornøyelse å kunne studere walisisk natur og kulturlandskap fra sykkelsetet på turen frem til byen Dolgellau på vestkysten. Med oss på turen hadde vi guider som ivrig fortalte oss om historien fra området - bl.a. om skoghogst og planting.

DAG 3 (19. mai 2004)

Nå var målet en 5 timers fottur til toppen av Snowdon der hovedhensikten var – i praksis å få sett erosjonseffektive tiltak knyttet til ekstrem bruk av stier i naturen (ref. Memurubu og Besseggen i Norge).

Her fikk vi sett hvordan 3-5-manns lag arbeidet med å tilrettelegge stier til toppen av Snowdon.
Et imponerende handverk. Videre fikk vi et innblikk i hvordan parkeringsfasilitetene kommersielt var organisert.

Så gikk turen til besøksenteret i byen Betws y Coed der stikkord som presentasjon og informasjon var budskapet.

DAG 4 (20. mai 2004)

Tilsvarende fottur ble utført via Cader Idris. Her var også formålet å studere hvordan arbeidet med sti-tilrettelegging og erosjonspreventivt arbeid var utført. Så ble vi tatt med i et område ved Dol Idris og Dolgoch Falls, bl.a. spesielt tilrettelagt for funksjonshemmede personer. Her fikk vi også en innføring i hvordan informasjonstavler var utført/montert. Til slutt var vi innom parkens besøksenter i byen Aberdyfi.

KONKLUSJON

Kort fortalt vil jeg oppsummere opplevelsene på denne turen slik:

- Vertskapet var veldig profesjonelle. Tydelig at de benyttet sine beste folk for å gjøre stas på oss som besøkende.
- Vakker natur med høy andel av kulturbeite-/landskap. Lite villmark.
- Stor satsing på kommersiell drift.
- Veldig ryddige og innbydende omgivelser.
- Tilpasset bruk av naturgitte materialer (- stein og skifer var konsekvent brukt i parken).

- Veldig påpasselige med ikke å bryte tradisjonelle løsninger.
- Flinke til å kommunisere og finne løsninger i sammen med lokalbefolkningen.
- Høye kostnader, med kvalitet på nesten alt handverk som ble utført.
- Høy grad av service og promotering (- mange ansatte).

Turen var veldig nyttig og gav oss mye ”input” som vi kan bearbeide videre med tanke på tilsvarende arbeid i Norge. Mye av dette kan kanaliseres og friste til direkte gjenbruk hos oss (les: forslag til prosjekt).
Spørsmålet er kostnader og risiko knyttet til miljø- bevaring/ødeleggelser ?

2.3. Tankar rundt studieturen til Snowdonia,
Anders Fortun, leiar i tilsynsutvalet i Luster

Innspelet som vi fekk på den årlige samlingen for tilsynsutvala på Spiterstulen syntes eg høyrdest spennende ut, og da spesielt med bakgrunn i dei slitasjeskader på stiane vi har rundt i fjellheimen vår. Eg var i utgangspunktet litt skeptisk til å vere med på denne turen med mine engelskkunnsaper, følte eg vart ståande litt på sidelina, men etter ein grundig samtale med Tom Dybwad så følte eg at dette skulle gå greit når eg fekk litt hjelp med oversettelse, og det vart som vi avtalte.
Fjellturane og prepping av stiane og ikkje minst den flotte mottakinga, gjestfridomen, informasjon om nasjonalparken er det som sit djupast att og som gjorde mest inntrykk. Må vel også ta med harpespelaren den siste kvelden. Han var i alle fall kjempeflink.
Stiane: Viss ein har ressursar så er nok dette vegen å gå, gjere eit skikkeleg arbeid når ein først er i gang. Eg ser for meg at her kan ein kunne bruke litt lettare maskinelt utstyr som ” jarnhest ” og ei lita gravemaskin. Dette vil nok lette arbeidet ein heil del. La også merke til dette med å styre vatnet, lage steinsette renner. Dette var veldig effektivt og det er pent å sjå på. Det tek seg penast ut å bruke stein, det er det som passar best i høgfjellet. Såg at det var bruka ein del plastrør, dette bør ein unngå. Plastrør fyller seg att med sand og er ubrukeleg etter kort tid. Steinsetting med opne renner er tingen. Ein kan då berre skrape sanden vekk og vatnet renn framleis der det skal.
Å gå etter ein steinsett sti er ganske tøft for beina spesielt når du går nedover. Ein ting til som det og er viktig å ha fokus på er høgda på kvart trinn, ikkje lage dei for høge. Ein tenkjer her at det ikkje er berre folk som er godt forberedt for fjellturar som skal gå, ein må også tenkje langsiktig. Folk skal føle at dette var ein fin sti å gå på, dei vil lettare komme att seinare og kanskje få med seg andre.

2.4. Inntrykk frå studieturen til Snowdonia nasjonalpark,
Knut Øyjordet, fjelloppsyn og sekretær i tilsynsutvalet i Vågå

Studieturen til Snowdonia nasjonalpark i Wales var ei stor oppleving og vart etter mitt skjønn vellykka. Formålet var å lære om informasjon og tilrettelegging med særleg vekt på fotturisme. Vi var ei breidt samansett gruppe der kvar av oss har ansvar for dei aktuelle tema i forvaltningen av Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde.
Det som imponerte meg mest, var dei store ressursane og det grundige arbeidet som nasjonalparkforvaltningen la ned i turstigane for å redusere terrengslitasje. Dette var eit imponerande arbeid som må ta mykje tid og som kostar mykje pengar. På båe dei to dagsturane vi hadde, der vertskapet stilte opp med to-tre personar, fekk vi med eigne auge sjå korleis dei har lykkast med å kanalisere trafikken og med grundige og velgjennomtenkte tiltak

har klart å hindre terrengslitasje. Dei har utan tvil gjennom mange år bygd opp ein stor kompetanse på dette.
For meg som er vant til Besseggstigen og problema med slitasje på stigen frå Memurubu og frå Gjendesheim/Gjendeosen, vart studieturen i så måte lærerik. Eg har allereie vore og sett nærare på stigen ovanfor Gjendesheim. Det er ikje tvil om at ein del av tiltaka vi såg på i Wales er overførbare til våre problem. Håpar difor fylkesmennene grip fatt i dette og står på vidare mot DN og MD for om mogleg å få til eit prosjekt " her heime ".
Av opplevingar elles på turen, må eg nemne nasjonalparksentret, det spesielle beitelandskapet og ikkje minst den gjestfridomen vi møtte. Dei stillte opp med fleire personar dagleg og guida oss omkring.

2.5. Inntrykk frå Snowdonia nasjonalpark,
Tom Dybwad, rådgjevar hos Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Studieturen har vist meg at

- det er mogleg å ha mange menneske i eit naturområde utan at det går særleg utover naturmiljøet dersom ein tilrettelegg på ein god måte. Særleg viktig er starten på ruta.
- fotturismen betyr mykje for lokal økonomi. Under munn- og klauvsjuka i 2001, då alle stiane vart stengde pga sjuka, sleit økonomien i og kring Snowdonia NP mykje, og mange bedrifter var på randen av konkurs. Etter dette er motsetnadene mellom landbruk og fotturisme borte, og ein har seinare funne ut at kvar overnattingsgjest legg att nærare kr. 400,- pr. døgn (Snowdonia NP har meir enn 10 mill. besøkande kvart år)
- for å unngå vegetasjons- og errosjonsslitasje (særleg frå vatn) der det går mange menneske (t.d. mellom 20 000 og 100 000 i året), må ein gjere tiltak. Det beste er å bruke naturstein. Det er kostbart, men er det einaste som varar, og som er naturvenleg ved at materialane ikkje vert til avfall seinare. Og det lønar seg og er vel investerte midlar fordi fotturismen betyr mykje økonomisk! I Snowdonia NP skal ein bruke kring 50 mill. kr. over ein 4-årsperiode på sti-tilrettelegging. Arbeidet vert gjort av arbeidslag på 4 personar.
- Snowdonia nasjonalpark har langt meir kunnskap om steinsetting og bruk av stein i stiar enn vi har i Noreg. Vi må i Noreg tileigne oss denne kunnskapen slik at vi kan gjere dei same fornuftige tiltaka i Noreg der det trengst på stiar der det er mykje folk, t.d. opp frå Memurubu til Besseggen. Det er fleire gradar av kor sterk steinsetjing av stiane skal vere, og vi må finne vårt "nivå". Læring kan skje ved at arbeidsteam frå Noreg er med arbeidsteam i Snowdonia, og omvendt.
- vi kan også lære av informasjon i terrenget. Informasjonen er konsis og "to the point", og sjølve infotavlene er sett opp på ein slik måte – gjerne i nærleiken av andre inngrep - at dei ikkje ruvar i terrenget, men likevel godt synlege
- det er viktig at tiltaka som blir gjennomførde, blir gjort med kvalitet!
- vi har neppe ikkje så mykje å lære av infosentra, men det vi kan lære av dei, som av Utladalen Naturhus, er at eit godt senter må ikkje vere stort
- når det gjeld ivaretaking av kulturlandskapet gjennom landbrukspolitikken, er det truleg ein del overføringsverdi frå Snowdonia nasjonalpark til jordbruksområde som grensar inntil nasjonalparkar og store verneområde (det er kring 3 mill. sau som beitar i Snowdonia NP, og dei kjem frå eit småskalalandbruk, der dei fleste bøndene har fleire bein å stå på)
- vi vart tekne imot av gjestfrie menneske i Snowdonia NP Service som til ei kvar tid stilte opp med sine aller mest kunnskapsrike folk uansett tema. Invitasjonen kom på

bakgrunn av at waliserne opplevde vår gjestfridom og formidling av våre kunnskapar under Europarc 2003 med etterkonferansetur. Det var kjekt!

2.6 Inntrykk frå studietur til Snowdonia nasjonalpark i Wales, Harald Klæbo, rådgjevar hos Fylkesmannen i Oppland

Snowdownia nasjonalpark skiller seg på svært mange områder ut fra våre nasjonalparker i Norge, Jotunheimen inkludert. Nasjonalparken rommer et langt bredere spekter av lanskapstyper enn det som legges i nasjonalparkbegrepet her hjemme. Snowdownia omfatter 3 byer, tettsteder, veinett, jordbrukslanskap, skog, fjellområder og kystlinje. Det bor 26.000 mennesker innenfor parken – dette gjør at rammene for forvaltning av verneområdet på mange måter er svært forskjellig fra de utfordringer nasjonalparkforvaltningen har her hjemme.

Med et areal på 2172 km^2 er Snowdownia NP Wales' største nasjonalpark, og til sammenligning nesten det doble av arealet av Jotunheimen nasjonalpark. Av de andre store forskjellene her i forhold til våre hjemlige forhold, er bruksintensiteten av parken, samt ressursene de har til rådighet til aktiv forvaltning. 10.000.000 dagsbesøk registreres årlig i automatiske tellepunkt ved innfallsportene. Dette er høye tall, selv i forhold vår mest besøkte park, Jotunheimen, med 250-300.000 besøkende i året. Nasjonalparkforvaltningen i Snowdownia så da også ut som en middels norsk kommune med 170 ansatte og et årlig budsjett på 85 mill kr.

Stipreparering

Tross ulikhetene, er det svært mye som har stor overføringsverdi til hjemlige forhold. I første rekke kommer måten de aktivt jobber med stitilrettelegging i områder med høy ferdsel, slitasje og erosjonsproblemer. I Snowdownia har de etablert arbeidslag på tilsammen over 30 personer som på heltid utfører praktisk arbeid med stiene. Over mange år har nasjonalpark-forvaltningen og arbeidslagene utviklet en unik kompetanse på stirestaurering/ erosjonsforebygging. På våre turer i nasjonalparken fikk vi oppleve en utrolig kvalitet på steinsatte stier. Nøye utplukket stein ble fløyet inn med helikoptertransport til stiene som skulle restaureres. Steinlegging, broer å stikkrenner ble utformet slik at det kun etter få år så ut som stien hadde vært der i 100 år. Stripreparingen ble gjort ut fra filosofien "more friendly at the eye – easy to go".

Det ble i svært liten grad brukt stein fra selve verneområdet da dette var i strid med verneforskriftene. Behovet for stein tilførte på denne måten lokalsamfunnet verdier i form av arbeidsplasser. Kostnadene på stiene varierte, særlig i forhold til transportavstand. Som et gjennomsnitt lå kostnaden på 1000,- pr. meter inklusive transport. Dette kunne øke til det dobbelte når transportavstanden økte. På våre vandringer i Snowdownia så vi også eksempler på stirestaurering med mindre heldige løsninger – gjerne gjennom bruk av plast, der man etter flere tiårs bruk ser at tilretteleggingen i det lange løp ikke fungerer optimalt. Gjennom lang erfaring har man i Snowdownia lært seg stipreparering som vi i Norge kan ha stor nytte av.

Tiltak i Jotunheimen?

Liknende tråkk og erosjonsproblemer har vi flere steder i Jotunheimen, kanskje særlig markert på stiene til og fra Besseggen. Disse framstår i dag som grusrenner der vatnet i mange år har fått fritt spillerom og gjort de til et estetisk problem og et lite heldig ansikt utad for parkens mest besøkte turistrute. På bakgrunn av inntrykkene fra Snowdownia ser vi derfor at det er

fullt mulig å få gjort noe med disse problemene. I første rekke kreves det en holdningsendring hos nasjonalparkmyndighetene på nasjonalt og regionalt nivå, samtidig som det blir lagt økonomisk rammebetingelser som gjør slike tiltak mulig. Samtidig kan vi starte prosessen med å utvikle et fagmiljø for denne type arbeid. Et slik arbeidsgruppe kan utgjøres av lokale ressurspersoner og i samarbeid med DNT som har ansvaret for stinettet i dag. Gruppen kan etter forslag fra nasjonalparkforvaltningen i Snowdownia, bygges opp gjennom kursing/samarbeid koblet til fagmiljøet der.


2.7. Tur til Snowdonia nasjonalpark i Wales den 17. – 21. mai 2004.
Odd Repp, fjelloppsyn og sekretær i tilsynsutvalet i Lom

Mottaking og oppvartning.

Gruppa vart motteke på ein framifrå måte. Forvaltninga brukte store ressursar i form av personell som stilte opp, guida oss og orienterte om forholda både ute i felten, på informasjons-sentra og i hovudadministrasjonen. På alle ekskursjonane var det med 3-4 personar. Fleire av desse var frå den øvste leiinga og hadde god greie på forvaltninga og god oversikt over skjøtselen av heile nasjonalparken, og kunne orientere med stor fagleg tyngde. Imponerande at sjølv direktøren for nasjonalparken tok seg tid til å delta ved fleire høve.



Bilde 1: Administrasjonsbygget til nasjonalparkforvaltninga.



Opphaldet og oppvartninga vi fekk på studiesenteret Plas Tan y Bwlch var framifrå. Det vart ei spesiell oppleving å få bu på ein plass som dette.

Bilde 2: Plas Tan y Bwlch.

Skjøtselstiltak i verneområdet.

Konkrete skjøtselstiltak på stigar m.m. på rutenettet i verneområdet, der erfaringane kunne overførast til heimlege trakter, var for meg av det mest interessante på turen. Dette fekk dei synt godt fram både på turen opp til Snowdon og på turen opp til Cader Idris, to av dei mest besøkte fjelltoppane i parken. Snowdon, det nest høgste fjellet på øyriket, hadde eit besøkstal på ca.500.000 pr. år. Av desse vart om lag 160.000 transporterte opp med tannhjulsbana som vart bygt for så lenge sidan som i 1896.



Det var store ressursar som vart brukte på tilrettelegging i form av oppmuring og steinsetting av råka. Helikoptertransport av steinen opp, og manuelt arbeid med muringa av arbeidsgjenar på 4-5 personar. Dette var dyktige folk som kunne faget sitt. Det vart illustrert med bilde for oss korleis det hadde sett ut før tiltaka vart igangsette enkelte plassar. Erosjonen og slitasjen minna fleire stader om tilstanden på Besseggen-råket. Den omtrentlege kostnaden pr. meter for bygging av slike oppmura stigar var på 100 £, eller kr.1.200 .



Bilde 3 og 4: Frå turen opp mot Snowdon.

Renner for å drenere bort vatnet etter råka såg vi fleire døme på. Mura opne renner av naturstein var den løysinga som fall best i smak!



Bilde 5: Ein type renne av betong dei hadde gått vekk frå att.

Bilde 6: Ein annan type renne, eller måte å leie vatnet bort på, dei også hadde gått vekk frå. (Plastbord).



Informasjon.
I parken var det 6 større informasjonssenter. Enkelte av desse var opne heile året. Til desse var det fri adgang! I tillegg var det 9 andre informasjonspunkt. Dette kunne vera ein butikk eller eit posthus som fekk 200 £ i året for å ha brosjyre-materiell o.l. All informasjonen var både på walisisk og engelsk.

Informasjonen ute var ofte i form av enkle tavler. Vi såg mange gode eksempel på godt plasserte og informative tavler. Lærerikt og gode idear å ta med heim!



Bilde 7: Enkelt informasjonspunkt langs sykkelvegen vi køyrde.



Bilde 8: Informasjonstavle ved eit parkliknande område inne i NP.

Stutt oppsummering.
Fekk forståing av at det er stor skilnad på ein nasjonalpark her heime og i Storbritannia. Innanfor NP-grensene der budde det 26.000 mennesker! Dette inneber sjølvsagt ei annleis forvaltning, og eit heilt anna forvaltnings- og oppsynsapparat. Eit årsbudsjett på 8,5 mill. £ seier sitt om dette. Like fullt var ein del av problemstillingane og forvaltnings- og oppsyns-oppgavene dei same.
Alt i alt var det ein lærerik tur som ga idear og inspirasjon til å prøve å få gjennomført nødvendige tiltak i våre verneområde,

2.8. Inntrykk fra studietur til Snowdonia National Park,
Lise Havik, inspektør i Den Norske Turistforening

Bakgrunn for turen
Sommeren 2003 ble Europark-konferansen holdt i Norge. I etterkant av konferansen var delegatene fra Wales på fottur i Jotunheim og Jostedalsbreområdet. Underveis ble problemer omkring stislitasje og erosjon diskutert og man trakk sammenligninger mellom Norge og Wales. Dette resulterte i en invitasjon om å komme til Wales for å lære hvordan man arbeider med tilrettelegging av stier og erosjonshemmende tiltak der.

Fakta om parken
Snowdonia National Park ble opprettet i 1951 og er en av tre parker i Wales. Sammenlignet med norske nasjonalparker er den svært spesiell, i og med at den omfatter både høyfjell, skog, kystlinje, byer, veier etc. Det bor 26.000 mennesker i parken og 97% av grunnen er på private hender. Nasjonalparkforvaltningen teller 170 ansatte og årlig budsjett er på 85 mill kroner. Det er sesong i parken så og si hele året og det registreres 10 mill dagsbesøk pr år.

Nasjonalparkforvaltningen har flere roller, idet etaten arbeider både med vern og tilrettelegging for turisme. Forvaltningen produserer informasjonsmateriell og driver flere informasjons- og besøkssentre. Plas Tan Y Bwlch som var vår base under oppholdet er parkens eget kurssenter og både turister og profesjonelle kommer dit for å delta på ulike kurs/turer. Aktiv turisme er etterspurt i markedet og er et satsingsområde for parken.

Tilrettelegging av stier og erosjonshemmende tiltak
Nasjonalparken har en stab på ca 30 personer som er engasjert på heltid med å vedlikeholde stinettet. Dette er betalt arbeid og sammenlignet med Norge benytter man seg i liten grad av dugnadsinnsats. Det har gjennom mange år vært ”prøvet og feilet” og forvaltningen har i dag høy kompetanse på erosjonsforebygging og restaurering av stier. På turene til Snowdon og Cadair Idris fikk vi se ulike eksempler på erosjonsskader og reparasjon av stier og omliggende mark. Arbeidet omfatter steinsetting av stier, bortdrenering av vann gjennom å steinsette grøfter, bygging av murer langs elver/bekker osv. Noe av materialene finnes på stedet, men det meste hentes andre steder i Wales og fraktes til det aktuelle stedet med helikopter. Årsaken til det er at vernereglene ikke alltid tillater at man tar ut stein på stedet. Arbeidet var preget av godt håndverk og høy kvalitet.

Vi fikk også presentert et utvalg løsninger som ikke fungerer; bruk av drensrør i plast, nettingduk i myr osv. Dette er tiltak som ble gjort for en del år siden og som man i dag har gått bort fra. I dag brukes kun naturmaterialer i form av stein. Nasjonalparkforvaltningen har et årlig budsjett på 2.5 mill kroner øremerket arbeid med stinettet. Dette inkluderer lønn til de ansatte, opplæring, transport, materialer, verktøy osv. Man regner en snittpris på kr 1000 pr meter sti. Til sammenligning gjennomfører DNT Oslo og Omegn 30 vardedugnader årlig med et budsjett på kr 385.000,- . Dette gir en pris pr km på kr 800.

Kan dette overføres til norske forhold?
Ubetinget ja. Riktignok er trafikken i fjellet her til lands mindre og vi har flere typer underlag som gir slitasje av ulik grad. Men vi har også eksempler på ruter i norske fjell som minner svært om det vi så. Turen til Cadair Idris gåes av 30 – 40.000 personer pr år; altså det samme

antall turister som går strekningen Memurubu - Gjendesheim. Det er store erosjonsskader på denne ruta, særlig i oppstarten ved begge hyttene.

I Norge har man liten tradisjon for stipreparering for å redusere erosjon. Turistforeningene har ansvaret for store deler av rutenettet i fjellet og hovedfokus har alltid vært på varding, merking og skilting. Det har til noen grad vært legging av kavledekke/gangbaner i myr for å hindre terrengskader. Alt arbeid på rutenettet gjøres på dugnad og Kulturdepartementet gir spillemidler som dekker de reelle utgiftene ved gjennomføringen av dugnader.

Etter å ha sett hva man har greid å få til av stipreparering i Wales, er det ingen tvil om at lignende tiltak med hell kan gjøres på utsatte stier i Norge. Forutsetningen er imidlertid en holdningsendring hos nasjonalparkmyndigheter lokalt og regionalt og hos DNT, samt en økonomi som tillater opplæring av arbeidsfolk og gjennomføring av tiltak. På studieturen til Wales diskuterte man muligheten av å opprette en faggruppe som får opplæring i Wales og som så kan utføre slikt arbeid i Norge. Dette må imidlertid bli betalte oppdrag slik at man samtidig sikrer seg en stabil arbeidsgruppe som man kan ha nytte av over flere år. Sammen med disse kan man bruke dugnadsfolk.

Personlige inntrykk av oppholdet

- En lærerik og innholdsrik tur som ga erfaringer som kan overføres til norske forhold.
- Det er ingen åpenbar konflikt mellom bruk og vern av nasjonalparken.
- Det er godt samarbeid mellom nasjonalparkforvaltning og grunneiere.
- Høy kvalitet på alt arbeid som blir utført; både på rutenettet, i form av skilting og oppslagstavler og informasjon til publikum.
- Nasjonalparkforvaltningen har et svært profesjonelt apparat og dyktige og kunnskapsrike medarbeidere.

2. 9. Snowdonia National Park – generelle inntrykk og overføringsverdiar
Rigmor Solem, naturoppsyn i Jotunheimen

Først vil eg seie at det var særs hyggeleg å bli invitert ut i verden på studiebesøk, og spesielt til ein nasjonalpark med så mange overføringsverdiar som Snowdonia i Wales. I tillegg vil eg lovprise vertskapet vårt, vi fekk nermast ei kjensle av å vere æresgjestar der vi vart transportert rundt i ein av nasjonalparken sine minibussar, etter at vi landa i Manchester. Aneurin Phillips, Peter Rutherford, John Ablitt og alle dei andre vi møtte, gjorde at vi frå Jotunheimen fekk oppleve ei lærerik og nyttig veke i Snowdonia. Phillips og Rutherford var båe deltakarar under Europarc 2003 sin etterkonferansetur i Vest-Jotunheimen, og dei hadde mange gode råd og forslag til løysingar og utbetringar å kome med undervegs langs våre stiar. Det var noko av dette dei ønskte å vise oss eksempel på heime i Snowdonia.

Under studieturen fekk vi ved sjølsyn sjå korleis dei løyser mange av sine utfordrinar, både når det gjeld samarbeid om finansiering og praktisk gjennomføring. Mitt hovudinntrykk kan samanfattast kort og konsist i; høg kvalitet i alle ledd. Og, det kan verke som forvaltarane i Wales har ein god leveregel; halvgode løysingar held ikkje i det lange løp. Elles slo det meg gong på gong at det vart lagt stor vekt på det estetiske, ikkje berre det funksjonelle. Vektlegging av det estetiske verka ofte einsbetydande med bruk av naturmaterialer og solid handverkutførnad. Og, det er nettopp her eg trur at vi har ein god del å lære av Snowdonia.

For med handa på hjarta, må vi vel innrømme at her er det eit til dels stort potensiale for forbetringar i våre områder. Men, kva med kostnadane da? Korleis kan vi klare å finansiere noko liknande som det vi såg på veg opp mot Snowdon eller Cader Idris, dei mest bruka turrutene i nasjonalparken? Vi kan ikkje slå i bordet med så store besøkstal som waliserane. Men, eg hugsar godt det Peter Rutherford (ansvarleg for praktisk sti-tilrettelegging) uttala i fjor, da han gjekk hovedferdselsåra i Vest-Jotunheimen, frå Sognefjellet til Hjell: " Denne stien ser ut som den har ein mykje større ferdsel enn det den har. Denne liknar på våre stiar, før vi gjekk inn med spesielle tiltak ". Kanskje er ein del av våre områder meir sårbare for tråkk og errosjon enn deira områder? Vegetasjonssesongen er kort i våre fjell. Og, våre stiar går ofte i bratt terreng, og er dermed utsett for vass-errosjon.

Kva med å bruke Jotunheimen som ein slags " prøvekanin " på betre tilrettelegging? Jotunheimen har i norsk målestokk ein stor bruk, rundt 250 000 i året. Utøving av friluftsliv er eit viktig delmål både i nasjonalparken og landskapsvernområdet. Reiselivet brukar Jotunheimen for å trekkje folk til bygdene omkring. God tilrettelegging i Jotunheimen vil derfor vere ei styrkje for kommunane nær verneområda. Men, dersom ein skal få dette til på ein god måte, må fleire partar dra lasset i lag. Og, det var nettopp det vi i gruppa var einige om ved slutten av studieturen.

Nasjonalparkdirektør Aneurin Phillips seier i si helsing i innleiinga i denne rapporten at dei vil ønske velkommen eit samarbeid mellom Snowdonia og Jotunheimen. Han tilbyr opplæring av norske handverkarar i praktisk tilrettelegging: " The visit was successful and we would like to build on this success by esablishing a long term project to assist you in establishing a pool of key workers with the necessary practical skill and knowledge base. "